

INFORMASJON OM SKULEFRITIDSORDNING (SFO) og LEKSEHJELP I VANG KOMMUNE SKULEÅRET 2026-2027,

SFO-TILBODET

Skulefritidsordninga er eit omsorgs-, tilsyns- og aktivitetstilbod for 1.-4. klasse og for barn med særskilte behov i 5. – 7. klasse.

Opningstider:

Før skulen: frå kl. 7.15 fram til skulestart

Etter skulen: til kl.16.30

I skuleferie-veker: 08.00 – 16.00

Minstetal for at SFO-tilbodet blir reelt er 4 elevar. (Påmelde elevar på morgon- og ettermiddagstilbodet blir telt kvar for seg.)

Om 4 eller fleire søkjer tilbodet blir det SFO i haust- og vinterferien og to veker (veke 25 og 26) etter skuleslutt i juni/juli og ei veke i august (veke 31/32) før planleggingsdagar for skule og SFO. Talet på søknadar blir vurdert for kvar veke.

Betalingssatsane for SFO skuleåret 2026-27:

-SFO-plass i skuleåret (aktuelle dagar registrerast i Visma Flyt Skole): **- Gratis opphald. Det blir fakturert kr 190,- pr. måned for mat på SFO.**

SFO-plass, berre morgon

SFO-plass, berre ettermiddag

SFO-plass morgon + ettermiddag

-SFO-enkeltdag i skuleåret

- gratis

-SFO-plass, 1,5 dag i ferieveke, 1., 2. og 3. klasse

- gratis

-SFO-plass i ferieveke, 1., 2. og 3. klasse (12 t gratis):

- kr 1328,- pr. veke

-SFO-plass i ferieveker, 4. klasse :

- kr 1898,- pr. ferieveke

Ved oppseiing av SFO-plass i ferie som er bestilt ved bindande påmelding, blir plassen fakturert uavhengig av bruk.

For elevar i 1.-4. klasse kan det søkast om redusert foreldrebetaling dersom betaling for SFO-plass vil utgjere meir enn 6 % av inntektene til hushaldet.

For elevar med særskilde behov på 5.-7. årstrinn er det mogleheit for gratis SFO-plass.

Påmelding til SFO:

Søknad i **hovudopptaket for skuleåret 2026-27** må registrerast elektronisk i «føresettportalen» i Visma, innan **søknadsfristen 30. april 2026**. Link til søknad i føresettportalen finn du her:

<https://www.vang.kommune.no/tenester/utdanning-og-kultur/utdanning/skulefritidsordning-sfo/>

Søknad til SFO i skuleferien skjer i forkant av kvar ferie etter informasjon til føresette i Visma.

- Søknadsfrist for ferieveker sommaren 2026 (veke 26, 27 og 32): **20. mai 2026**.
- Søknadsfrist for haustferien (veke 41): **10. sept. 2026**.

LEKSEHJELP

Kommunen har eit tilbod om leksehjelp etter skuletid for elevar i 3.,4., 5., 6. og 7. klasse. Tilbodet er gratis. Leksehjelpa er eit frivillig tilbod.

Leksehjelp skuleåret 2026-2027:

VBU:

Måndag: kl. 13.40 – 14.40 for 4.-7. kl

Onsdag: kl. 13.40 – 14.40 for 3.- 6. kl

Skuleskyss etter leksehjelp:

I følge Opplæringslova har elevar på visse vilkår rett til skyss etter den pliktige opplæringa. Det er ikkje nokon lovfesta rett til skyss etter tilbodet om leksehjelp, men ein vil så langt som rå leggje til rette for skyss også etter leksehjelp.

Start- og sluttid på VBU skuleåret 2026-2027:

Klasse	Måndag		Tysdag	Onsdag		Torsdag	Fredag	
	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag	
1.-2.	0900-1310		0900-1440	0900-1310		0900-1440	0900-1310	
3.								
4.		1340-1440						1340-1440
5.-6.	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1440	
7.				0900-1440				
8.-10.	0900-1440		0900-1440	0900-1440		0900-1440	0900-1440	